



FJELL KOMMUNE



Til

Linda Sæterlid (lærerrepr.)  
Hans Brevik (lærerrepr.)  
Ann Elin Street (andre tilsette)  
Elevrådsrepresentant 5. trinn  
Elevrådsrepresentant 5. trinn  
Hilde Karin Norvik (FAU)  
Steinar Drønen (FAU)  
Vidar Moen (kommunestyrerep.)  
Ragnhild K Magerøy (rektor)

Vara: Torbjørg Andersen  
Vara: Lillian Mauland  
Vara: Eirin Gripsgård  
Vara: Elevrådsrepresentant 5. trinn  
Vara: Elevrådsrepresentant 5. trinn  
Vara: Toril Hagenes  
Vara: Raymond Nilssen  
Vara: Tone Elise Bubrandt

## Referat i Skulemiljøutvalet (SMU)/ Samarbeidsutvalet (SU) ved Foldnes skule

Tid: Torsdag 02.05.2019.

Stad: Foldnes skule.

### Saker SMU:

SMU-6-18/19

Godkjenning av innkalling og sakliste: Godkjent.

SMU-7-18/19

Elevundersøkinga: Informasjon om elevundersøkinga som blei gjennomført på 5. tom 7. trinn i november. Stort sett samanfallande resultat som sist skuleår.

SMU-8-18/19

Eventuelt: -Elev i Nye Øygarden kommune – nettside med fokus på skulane i den nye kommunen. Elevrådsleiar og vara deltok på arrangement for elevrådsrepresentantar med lansering av nettsida. På nettsida ligg det ressursar i høve undervisning og etablering av venskapsklassar i den nye kommunen.

### Saker SU:

SU-8-18/19

Godkjenning av innkalling og sakliste: Godkjent.

SU-9-18/19

Skuleskyss og vegarbeid v/FAU: Dialog med skolesjef, samferdselssjef og Trygg Trafikk, samt NAF som har fokus på trygg skuleveg. FAU meiner det mangla fokus på anleggsperioden når skuleskyss blei innvilga. Vedtaket var tufta på at vegn var farlig, og var fatta før det vart starta arbeid på vegen. Føresette er uroa over ein uforutsigbar situasjon langs vegen for elevar som berre har fått innvilga vinterskyss. Vidar Moen tar kontakt med Samferdselssjef, samt plan og eigedomssjefen, og ber om eit møte.

SU-10-18/19

Status rehabilitering ved/rektor: Prosjektet i rute. Skulen opplever at oppdragshavar er svært profesjonelle i høve HMS. SFO skal disponere eit par klasserom i blått bygg til sommar-SFO og vil ha fokus på å nytte uteområdet i og kring Foldnes ved avviling av sommar-SFO. Arbeidet i grønt bygg startar når elevane tek ferie.

SU-11-18/19

Eventuelt: -Refleksjon kring utfordringar i høve inndeling av plasstypene i SFO. FAU tek initiativ saman med Vidar Moen kring eit innspel til politisk nivå via skulekontoret.  
-Refleksvestar til alle elvar i kommunen ved skulestart i regi av samferdsel. Alle elevar får refleksvestar som er dekorert med ei elevteikning laga ved eigen skule.  
-Ein opplever at det hjelper å ha fokus på at mobil ikkje skal brukast til og frå skulen.

Foldnes skule 02.05.2019

Ragnhild K Magerøy  
referent